



# Naturvernforbundet

## Buskerud

Martin Lindal  
Hemsedal 8.6.2024

Bråtan11

3022 Drammen

e-post: [buskerud@naturvernforbundet.no](mailto:buskerud@naturvernforbundet.no)

Tlf: 99604555

Bane Nor

[postmottak@bane.nor.no](mailto:postmottak@bane.nor.no)

### **Linjerydding i hekketida.**

Naturvernforbundet har fått ei bekymringsmelding om omfattande linjerydding i Buskerud i hekke og yngletid for fugl og anna vilt. Verda opplever stort naturtap, med reduserte fugle, dyre og insektbestandar. Forskarane er einige om at me har ei naturkrise, og Norge har skrive under på Naturavtalen som seier at me skal slutte med tiltak som kan true naturverdiar.

I siste reviderte PEFC - Norsk skogstandard kom det inn at det ikkje er lov å hogge i lauvdominert skog i hekketida mai, juni og juli. Skognæringa har forstått probemet.

Det er ofte mykje lauvskog under kraftlinjene, så det er sannsynlegvis område med eit rikt fugleliv.

Naturvernforbundet vil på det sterkaste råde Bane Nor om å slutte med linjerydding i hekketida.

Venleg helsing - Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal